

NOTERT



FOTO: MARIANN TVETE

Krymper: De fleste unge tror ikke menneskers aktivitet får isbreene til å smelte.

MILJØ

Unge tror ikke på FNs klimapanel

* Under halvparten av norske ungdommer tror FNs klimapanel har rett i at menneskeskapte klimaendringer har forårsaket mesteparten av den globale oppvarmingen de siste femti årene.

Det viser en gallup som i utgangspunktet dreier seg om norske ungdommers forhold til nord-sør-spørsmål. Undersøkelsen omfatter over 600 unge i alderen 15 til 24 år, skriver Vårt Land.

Så mange som én av fem mener at klimaendringene i stedet har naturlige årsaker. Kun de færreste, rundt 20 prosent, er villige til å gå betydelig ned i levestandard for å redusere klimaendringer. ©NTB

ALKOHOL

Fire av ti solgte til mindreårige

* Da Juvente lot mindreårige prøve å kjøpe alkohol før jul, var 43 prosent av de besøkte butikkene villige til å selge.

Til sammen fikk 272 dagligvarebutikker over hele landet besøk av ungdomsorganisasjonens testere. I 117 tilfeller kunne ungdommene gå ut med øl i bærepøsen.

– Det er tydelig at dagligvarebutikkene ikke har kontroll på ølsalget. Det er altfor lett for mindreårige å kjøpe alkohol, sier Juvente-leder Adrian Farmer Rogne. ©NTB

* EFTA-DOMSTOLEN

Noreg nølar om domstolsreform

Utanriksdepartementet vil ikkje svare på kva dei meiner om den foreslåtte opprustinga av Efta-domstolen.

Efta-domstolen får kritikk for å vere svak i regjeringas Europautredning. Samstundes har domstolen sjølv foreslått ei opprusting. Men Utanriksdepartementet vil ikkje svare på kva dei meiner om reformforslaga.

– Vi vil sjølvsagt vurdere EFTA-domstolens ulike forslag. Spørsmålet om eventuelle endringar i korleis domstolen er sett saman, må sjåast i ein større samanheng, ikkje minst knytt til eit eventuelt islandsk EU-medlemskap, seier Svein A. Michelsen, kommunikasjonsrådgjevar i Utanriksdepartementet.

– **For tidleg**
– **Vil det seie at Utanriksdepar-**

tementet ikkje vil ta stilling til reformforslaget før ei framtidig islandsk folkerøysting om EU er avgjort?

– Forslaga må sjåast i ein breiare samanheng der endring av Efta som følgje av eit eventuelt islandsk EU-medlemskap er eit viktig element, seier Michelsen.

Island positive

Han legg til at det vil vere naturleg for Noreg å vurdere spørsmål knytt til Efta-domstolen i samband med stortingsmeldinga om Noreg og EU som Utanriksdepartementet no arbeider med.

– Det er for tidleg å seier noko om når ein konklusjon vil liggje føre, seier Michelsen.

Island forhandlar i dag om EU-medlemskap. Men landet markerte alt då opprustingsforslaget vart lagt fram i september i fjor, at dei var positive til fleire av dei foreslåtte endringane av domstolen. Island har også signalisert at landet kjem til å prioritere spørsmålet om reform av Efta-domstolen i EØS-landas samarbeidsorgan i det kommande halvåret.

Manglar ikkje tillit

Endringsforslaga som no blir diskutert, inneber mellom anna at talet på dommarar skal auke frå tre til fem i særleg tunge juridiske saker. I tillegg har domstolen foreslått at det skal opprettast ei stilling som generaladvokat for Efta-domstolen. Generaladvokaten skal førebu sakene for domstolen. Begge forslaga vil føre med seg ei opprusting av domstolen.

Fakta

Efta-domstolen

- * Oppretta som følgje av EØS-avtalen.
- * Avgjer EØS-rettslege spørsmål som kjem opp i EØS-landa.
- * Er EØS-områdetets motsvar til EU-domstolen.
- * Skal sikre ei einskapleg tolking av EU/EØS-retten, og samstundes hindre at EØS-landa blir direkte underlagt EU-domstolen.
- * Har i dag tre dommarar.
- * Har sete i Luxemburg.

Utanriksdepartementet

Samstundes ser det ut til at Efta-domstolen kan få fleire oppgåver enn tidlegare. EU og Sveits forhandlingar i dag om Sveits si framtidige tilknytting til EU. Det er kjent at EU-sida er kritisk til den såkalla sveitsiske løysinga, og at dei ivrar for at avtaleverket mellom Sveits og EU skal bli lagt under ein uavhengig domstol. Ei løysing som har vore foreslått i diskusjonane, er at Efta-landet Sveits blir underlagt Efta-domstolen. Sist veke var sveitsisk høgsterett på besøk i Efta-domstolens lokaler i Luxemburg.

Utanriksdepartementet avviser påstandande frå Europautredninga om at norske dommarar manglar tillit til Efta-domstolen.

– Efta-domstolens legitimitet er viktig. Frå norsk side meiner vi at Efta-domstolen i dag har utstrakt tillit, seier Michelsen.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no



Vil endre: Reformforslaget er lagt fram av Efta-domstolens president Carl Baudenbacher.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN



TRUR PÅ DOMSTOLEN

«Efta-domstolens legitimitet er viktig. Vi meiner domstolen i dag har utstrakt tillit.»

SVEIN A. MICHELSEN
UTANRIKSDEPARTEMENTET

nationen.no • Følg disse sakene i dag

Hvor mye mat ble solgt?



Handel: Statistisk sentralbyrå legger fram foreløpige tall for omsetningsstatistikk i varehandelen for fjerde kvartal 2011.

FOTO: MARIANN TVETE

Søk i tilskuddslistene!



Penger: Nationen publiserer listene over hvem som får hvor mye i produksjonstilskudd i norsk landbruk.

FOTO: SCANPIX

Nettmøte med SLF-sjefen



Spørsmål og svar: Jørn Rolfsen i Statens landbruksforvaltning svarer deg om landbruksstøtte og søkbare lister på nett.

FOTO: STATENS LANDBRUKSFORVALTNING

* **Mest lest på nationen.no:** 1. Vaaler samdrift ligg på tilskuddstoppen, men går i minus 2. Åpenhet om landbruksstøtten er viktig 3. Ber saueiere være oppmerksomme på dårlig fôr